



«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Ingrid Knotten Haugberg, 33372357

Resultatkartlegging av miljø og skogbrukstiltak 2024

Vi viser til brev frå Landbruksdirektoratet datert 18. mars 2024, som på grunn av ein feil i direktoratet vart motteke av oss fyrst 3. april 2024. Vi er bedne om å formidle informasjonen i brevet vidare til kommunane. Brevet er lagt ved.

Heimel for kommunen sine oppgåver

Etter skogbrukslova § 20 skal kommunen mellom anna føre tilsyn med at reglane i lova vert følgde og kontrollere at vedtak med heimel i lova vert gjennomført. Ei av oppgåvene kommunane har ansvar for, er oppfølging av foryngingsplikta etter skogbrukslova § 6. Resultatkartlegginga er ei innhenting av statistisk informasjon om miljøomsyn ved skogbrukstiltak og forynging etter hogst.

Informasjon om oppgåvene

I brevet frå Landbruksdirektoratet er det gitt informasjon om korleis kartleggingsfeltene er plukka ut, korleis kommunen kan finne fram til riktig felt og korleis kartlegginga skal gjennomførast. Meir detaljert informasjon og rettleiing ligg på [nettsida til Landbruksdirektoratet](#).

Feltappen SKART

I fjor var kommunane i Vestfold og Telemark blant dei aller beste i landet til å bruke den nye feltløysinga SKART. Landbruksdirektoratet skriv at bruk av SKART til resultatkartlegginga bør vere hovudregelen. Statsforvaltaren oppmodar alle kommunane om å halde fram med å bruke feltløysinga SKART i arbeidet med resultatkartlegginga.

Alle som har rolla SKOG_REGNSKAP i fagsystemet ØKS kan opprette brukar i SKART. Appen kan lastast ned frå vanlege app-butikkar på mobiltelefonen. [Brukarrettleiing for SKART](#) ligg på Landbruksdirektoratet si nettside. Ta kontakt med Statsforvaltaren om du treng hjelp med tilgang til eller bruk av SKART.

Endringar i berekraftforskrifta

Det vart med verknad frå nyår gjort endringar i berekraftforskrifta som gjeld forynging. I fastsettingsbrevet frå 25. september 2023 er det omtalt kva endringane vil seie for krav til forynging etter hogst. Det er no presisert og gjort tydeleg at berre bartre skal reknast med når kommunen vurderer om forynginga er tilfredsstillande, der bartre utgjorde meir enn halvparten av det totale volumet i bestandet før hogst. I [rettleiing for resultatkartlegginga](#), er punkt 44 og 45 i registreringsskjemaet endra og tilpassa ny forskrift.



Fristar

Vi rådar sterkt kommunane til å gjennomføre resultatkartleggingane tidleg om våren, før konkurrerende vegetasjon er i god vekst og medan det enno er lett å få auge på skogplantene. Etter at kommunen har registrert alle kartleggingane i SKART og overført resultatata til ØKS, skal Statsforvaltaren gå gjennom alle felta. Vi ber om at kommunane gjennomfører og registrerer alle kartleggingane innan **30. september 2024**.

Eigedomar eigd av kommune eller fylkeskommune

I saker kor kommunen eller fylkeskommunen er skogeigar, er Statsforvaltaren skogbruksstyresmakt, jf. skogbrukslova § 3 tredje ledd. Resultatkartlegging på slike eigedomar skal følgeleg gjennomførast av Statsforvaltaren.

Ta kontakt med Statsforvaltaren om det er spørsmål til resultatkartlegginga eller behov for rettleiing.

Med helsing

Ingunn H. Sømme (e.f.)
assisterande direktør landbruk

Ingrid Knotten Haugberg
fagsjef skog og utmark

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Til videreformidling - resultatkartlegging - miljø- og skogbrukstiltak 2024

Mottakarliste:

Bamble kommune	Postboks 80	3993	LANGESUND
Drangedal kommune	Gudbrandsvei 7	3750	DRANGEDAL
Færder kommune	Postboks 250	3163	NØTTERØY
Fyresdal kommune	Klokkarhamaren 6	3870	FYRESDAL
Holmestrand kommune	Postboks 312	3081	HOLMESTRAND
Horten kommune	Postboks 10	3191	HORTEN
Larvik kommune	Postboks 2020	3255	LARVIK
Sandefjord kommune	Postboks 2025	3202	SANDEFJORD
Hjartdal kommune	Saulandsvegen 414	3692	SAULAND
Tønsberg kommune	Postboks 2410	3104	TØNSBERG
Kragerø kommune	Postboks 128	3791	KRAGERØ
Kviteseid kommune	Kviteseidgata 13	3850	KVITeseid
Nissedal kommune	Treungvegen 398	3855	TREUNGEN
Nome kommune	Ringsevja 30	3830	ULEFOSS
Notodden kommune	Postboks 193	3672	NOTODDEN
Porsgrunn kommune	Postboks 128	3901	PORSGRUNN
Seljord kommune	Brøløsvegen 13 A	3840	SELJORD
Siljan kommune	Postboks 16	3749	SILJAN
Skien kommune	Postboks 158	3701	SKIEN
Tinn kommune	Postboks 14	3661	RJUKAN
Tokke kommune	Storvegen 60	3880	DALEN
Vinje kommune	Vinjevegen 192	3890	VINJE
Midt-Telemark kommune	Postboks 83	3833	BØ I TELEMARK